
Årsrapport 2020



19 mars 2021

Sunnfjord Miljøverk IKS



Innhold

Om oss.....	3
Sunnfjord Miljøverk IKS.....	3
Våre viktigaste oppgaver.....	3
Organisasjon	4
Representantskapet.....	4
Styret 2020	1
Driftsåret 2020.....	3
Miljø og samfunn	4
SUM som arbeidsgjevar	4
Tiltak for å hindre diskriminering mv.	5
Ytre miljø	6
Utslepp til vatn og luft.....	6
Skadelege artar	7
Avfallshandtering.....	8
Dei store linjene.....	10
Avfallsmengder frå hushald og hytter 2020	12
Rekneskap 2020.....	16
Driftsinntekter	16
Driftskostnader	16
Finanspostar	16
Forsknings- og utviklingsaktivitetar.....	16
Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering.....	17
Eigenkapital	17
Fordeling av inntekter og kostnader	18

Om oss

Sunnfjord Miljøverk IKS

SUM er eit interkommunalt renovasjonsselskap stifta mai 1993 av kommunane Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal. 1. januar 2020 blei Førde, Gaular, Jølster og Naustdal slått saman til Sunnfjord Kommune slik at dagens eigarkommuner er Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord. I eigarkommunane er det om lag 30.000 innbyggjarar.

Våre viktigaste oppgåver


SUM sine viktigaste oppgåver er å løyse eigarkommunane sine utfordringar innan avfallshandtering på ein best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig måte. Her skal innbyggjarane sine ønskje og interesser takast omsyn til.

SUM tek ansvar i eigarkommunane for oppsamling, innsamling og transport av alle avfallstypar i kommunane. Vårt dotterselskap SumTrans samlar inn avfall frå hushaldningane i eigarkommunane. Vi har etablert og drifter 6 gjenvinningstasjonar. Hovudanlegget er på Einestølen i Sunnfjord kommune. På gjenvinningsstasjonane har vi innsamlingssystem, mottak, mellomlagring og vidareending av farleg avfall og avfall som kan energigjenvinnast og materialgjenvinnast.

Vi prøver å samarbeide best mogleg med selskap og kommunar i og utanfor regionen slik at avfallshandteringa vert best mogleg miljø- og ressursmessig, ved optimal utnytting av egne og andre sine ressursar. Samarbeid bidrar til ei miljøvenleg og kostnadseffektiv drift i alle ledd av avfallshandsaminga.

Avfallshandsaminga er i Noreg eit kommunalt ansvar. SUM sine eigarkommunar har gått saman om å løysa denne oppgåva gjennom SUM. SUM prøver å legge til rette for ordningar som er praktiske for kundane, som gjev rom for miljømessig god avfallshandsaming og som gjev god samfunnsøkonomi. I mange høve er dette mål som er moglege å kombinere. Hushald og hytter pliktar å levere avfallet sitt til dei kommunale ordningane. Verksemder kan velje om dei vil nytte kommunale tenestetilbod, eller tilbod frå andre aktørar i marknaden.

Organisasjon



Representantskapet

I samband med kommunesamanslåing blei det laga ny selskapsavtale som gjaldt frå 1.1.2020. Størrelse på både styre og representantskap blei då endra.

Representantskapet har nå 7 medlemmar frå eigarkommunane, mot tidlegare 18.

Medlemmane skal sjå til at selskapet driv etter føremålet, selskapsavtalen og i samsvar med lover og reglar. Dei fastset også budsjett og rekneskap for selskapet. Nytt representantskap blei konstituert hausten 2020. Ved inngangen til 2020 var Jan Taule representantskappleiar. Nytt representantskap ved utgangen av 2020 består av

Faste representantar

- Siv Karin Hestad, leiar
- Olve Grotle
- Anne Lilleaasen
- Elisabet Kjerstad Bøe
- Kjell Eide
- Anne Hopland
- Ole Andre Klausen

Personlig vara

- Sindre Hornes
- Jenny Følling
- Johnny Kårstad
- Eldrid Skudal
- Geir Helge Norstrand
- Stig Moltumyr
- Gunnar Osland

Styret 2020

Ved inngangen til 2020 bestod styret av

Faste representantar

- Anne-Britt Øyra
- Geir Helge Nordstrand
- Grim Erik Gillestad
- Linda Ness Rotihaug
- Marius Dalin
- Oddmund Klakegg, leiar
- Signe Eimhjellen Mehl
- Stig Moltumyr

Vararepresentantar

- Åsmund Berthelsen
- Rune Risnes
- Eli Berge Ness
- Gunnar Osland
- Kari Valle
- Birgit Tansøy
- Tore Fossen
- Hogne Kvangarsnes

Etter val til nytt styret hausten 2020 består styret av

Faste representantar

- Grim Erik Gillestad, styreleiar
- Linda Ness Rotihaug
- Marius Dalin
- Joakim Janninge
- Anne Mette Hjelle

Vararepresentantar

- 1. Vara - Rune Risnes
- 2. Vara - Ove Farsund
- 3. Vara - Mona Birkeland

I samband med kommunesamanslåinga og ny selskapsavtale blei tal på medlemmer i styret redusert til 5 faste medlemmer og 3 nummererte varamedlemmer. Tidlegare bestod styret av 8 faste medlemmer og 8 personlege varamedlemmer. Val av nytt styret av i utgangspunktet planlagt til våren 2020, men som ei følgje av Covid-19 blei valet utsatt til hausten 2020

I 2020 har det vært 4 representantskapsmøter 3 representantskapsmøter og 6 styremøter. Ett av styremøtene ble avholdt elektronisk.




Figur 1: Styret i SUM. Fra venstre Rune Risnes, Linda Ness Rotihaug, Joakim Janninge, Grim Erik Gillestad, Anne Mette Hjelle, Marius Dalin, dagleg leiar Henning Tjørhom og representantskapsleiar Siv Karin Hestad.

Driftsåret 2020

Driften i 2020 har blitt sterkt påverka av covid-19. Frå mars har dei tilsette vært delt i to grupper som ikkje kan møtast. I starten jobba gruppene annan kvar dag, men etter kvart vi klart å halde gruppene fysisk skild når alle er på arbeid. For å klare å handtere situasjonen og gjennomføre ferieavvikling blei det leigd inn 2 ekstra personer nokon månader. Ein av desse har i ettertid fått fast stilling.

Covid-19 har ført til mykje bruk av heimekontor og permitteringar i samfunnet. Mange har truleg nytta moglegheiten til å rydde ut av kjellarar, loft, garasjer og liknande. Det var 20 % auke i tal besøkande på Einestølen i 2020 samanlikna med 2019. Det er er noko kraftigare auke enn tidlegare år.



Nokon oppgåver blei ved kommunesamanslåinga overført frå eigarkommunane og til SUM slik at SUM nå har ansvaret for alle oppgåvene knytt til levering av renovasjon- og slamtenester til innbyggjarane i eigarkommunane. Det betyr også at abonnentregisteret blir overført til SUM og at SUM fakturerer renovasjons- og slamgebyr frå 2021. Arbeidet med overføring av register starta for alvor hausten 2020. SUM har inngått eit offentleg-offentleg samarbeid med BIR om felles kundesenter og samarbeid om IT-tenester. I løpet av 2020 har det blitt laga nye forskrifter. Det som tidlegare var ei felles forskrift

for renovasjon og slam, er nå delt opp i ei renovasjonsforskrift og ei slamforskrift med tilhøyrande rettleiarar. Disse er gjeldende frå 1.1.2021.

I løpet av hausten 2020 starta det nye styret med strategiarbeid. Dette er eit arbeid som vil fortsette utover i 2021.

Miljø og samfunn

SUM legg særleg vekt på miljøvenleg og kostnadseffektiv drift i alle ledd av avfallshandteringa. Ved å legge til rette for avfallssortering og gjenvinning sørger SUM for at ressursane i avfallet vert best mogleg utnytta. Dette er eit viktig miljøtiltak, som reduserer energibruken og forureininga knytt til framstilling av nye produkt, og som reduserer forbruket av ikkje-fornybare ressursar.

I tillegg vert forureininga frå avfallet redusert, ved at miljøskadelege stoff vert sorterte ut og teke hand om på forsvarleg vis.

SUM ønskjer ikkje berre å vera ein passiv mottakar av avfall. Vi ønskjer å være ein aktiv aktør i samfunnet – særleg kva gjeld haldningsskapande arbeid knytt til avfallsreduksjon og materialgjenvinning.

SUM tek i mot besøk av skuleklassar til undervising og omvising på Einestølen.

Interessa for strandrydding og andre ryddeaksjonar i nærmiljøet har vore aukande dei siste åra, og SUM er glad for å kunne vere med å legge til rette for dette engasjementet. I tillegg til å ta hand om avfallet tilbyr SUM m.a. sekkar og hanskar til ryddinga, og konteinarar og transportløyserar ved større avfallsmengder.

SUM som arbeidsgjevar

For å kunne gjere ein god jobb for kundane våre, er SUM avhengig av dyktige og engsjerte medarbeidarar. SUM har 12 tilsette og mange av dei har vore trufaste i selskapet gjennom mange år. Noko fornying kan gje nye hovud som tenkjer nytt, men for stor utskifting fører til mykje opplæring og mangel på kontinuitet. For SUM er det viktig å freiste å vere ein attraktiv arbeidsgjevar.

I tillegg til å tilby konkurransedyktig løn og pensjonsordningar, legg SUM vekt på å ha moglegheit for utfordrande arbeidsoppgåver og utvikling i arbeidet gjennom kurs og fagleg utvikling.

SUM arbeidar godt med arbeidsmiljøet. SUM hadde i 2019 eit sjukefråver på 4,32 %, mot 3,97 % i 2018. 3,88 % av fravær skuldast einiskilde langtidsfråver og ein har ikkje funne det naudsynt å setja i verk tiltak.

Omkring 15 % av dei faste tilsette hos SUM er kvinner. Vi har ingen mellombels tilsette. SUM meiner at ei blanding av begge kjønn, og variasjon i alder, er viktige faktorar for eit godt arbeidsmiljø. Ved nyttilsetjingar i selskapet vert difor også desse faktorane teke med i vurderinga.

I SUM sitt styre er 2 av 5 medlemmer kvinner, medan 4 av 7 medlemmer i representantskapet var kvinner i 2020.

Tiltak for å hindre diskriminering mv.

Bedrifta arbeider aktivt for å fremme likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. For å bidra til dette, har bedrifta mellom anna etablert rutinar for rekruttering, der søkarar frå underrepresenterte grupper blir oppmoda til å søke. Det er også gjennomført ein gjennomgang av kriteria for karriereutvikling og leiarstillingar i bedrifta.



Ytre miljø

Utslepp til vatn og luft

Målingar av sigevatnet viser at alle målingar er under grenseverdiane i løyvet. I 2020 var sigevassmengda på eit normalt nivå samanlikna med perioden 2010-2019. Det er ingen teikn på noko som tyder på negativ utvikling i sigevatnet som følge av for eksempelurning av deponimassane. Sigevatnet viser i 2020 ein god tilstand samanlikna med dei føregåande åra, noko som truleg skuldast at vi i 2018 starta med å tømme reinsetanken for botnfall hyppigare enn tidlegare år. Reinseanlegget for sigevatn viser ein klar reinseeffekt for mengda suspendert stoff, jern og enkelte tungmetall i sigevatnet gjennom året.

I 2019 vart det gjennomført resipientundersøking i Førdefjorden. Den viser at sigevatnet ikkje har nokon målbar påverknad på livet i fjorden.

Elva som renn gjennom Hesjedalen, Rotneselva, har dei siste åra blitt påverka av avrenning frå lagra kompost i et område nedanfor deponiet. Dette lageret blei i 2019 blitt flytta inn i ei biocelle, og avrenninga frå den går inn i sigevatnet. Det er ingen teikn

til at elvevatnet eller grunnvatnet blir påverka av avrenning frå deponiet, noko som betyr at botntettinga på deponiet fungerer slik den skal. Prøvar som er tekne av grunnvatn i fjell oppstraums og nedstraums deponiet viser at grunnvatnet nedstraums eller i fjellet under sjølve deponiet ikkje blir påverka av dagens drift av avfallsdeponiet. Det har i 2020 ikkje vore utilsikta utslepp til grunn eller vatn.

SUM har fokus på god drift på anlegget, både med omsyn til utsjånad og luktproblematikk. Vi loggfører når det er spesielt mykje lukt, og får også tilbakemelding frå naboar som blir loggført. Det er ikkje luktskapande avfall på deponiet. Etter luktproblem i 2017 vart det gjennomført tiltak, og det har i 2020 ikkje vore luktutslepp.

SUM har høg fokus på flygeavfall og det vert plukka ved behov både inne og rundt anlegga. Uavhengig av behov har SUM-personell ein årleg plukke- og kontrollrunde i skog- og beiteområdet rundt anlegget. Kvart år er ein skuleklasse og plukkar avfall langs vegen opp til anlegget og inne på området.

Skadelege artar

Vi har fast avtale med skadedyrsaneringsfirma som er her fleire gonger for året for å sjekke feller og åter. Det er ikkje observert rotter i 2020. Det er ein liten koloni med kråke og ramn. Bestanden har minka for kvart år etter deponiforbodet. Her har aldri vore kvitfugl (måkeartar).

SUM har ikkje observert svartlista artar innanfor eller utanfor området.

Avfallshandtering

SUM handterer avfall frå over 12 500 abonnentar i 4 kommunar, i tillegg til noko næringsavfall. Vi får inne mange ulike fraksjonar avfall og har ei variert drift.

Dunktømminga medfører ein del kontakt med abonnentane. Til dømes viss overfylte dunkar ikkje vert tømde og vegar som ikkje vert køyrd på grunn av at sjåføren ikkje finn det forsvarleg på vinterstid. SUM-APPen er tilgjengeleg for alle med smarttelefon, og dei interesserte kan legge inn varsling for deira renovasjonsrute og hente annan informasjon via mobilen. I oktober 2019 starta SUM opp med egne renovasjonsbilar etter at kontrakten med NordRen gjekk ut, og 2020 var første heile driftsår med egne bilar og renovatørar. Alle renovatørane vart med over til SUM sitt dotterselskap SumTrans AS, som er oppretta for å utføre transporttenester for SUM.

Mange abonnentar brukar nettsidene og finn svar der. Nokre tar kontakt på telefon og e-post, det er om lag slutt på brev-post. Under ruteomlegging i veker med «raude dagar» er det alltid ein del som bommar på tømmedag. Også spørsmål rundt nokre avfallsfraksjonar er av og til tema, til dømes om farleg avfall, plast og matavfall. SUMs internettside skal vere aktiv, og selskapets hovud-informasjonskanal. Målet er å vere på hogget med nyhende samtidig som det trauste kjem fram. Flygeblad «SUM-info» har vorte spreidd til alle innbyggjarar og hytteeigarar like før påske.

I forhold til HMT og ytre miljø vert det kontinuerleg arbeid med førebyggjande tiltak. Større og mindre hendingar vert tatt med under tryggleiksvurdering og risikoanalysar. Ved behov vert det gjort endring i dokumenterte rutinar.

SUM har etter tilsyn i 2017 av kompostlager og komposteringsprosessen avslutta kompostering av avlaupsslam. Tilsynet avdekka også ulovleg lagring av ikkje-godkjent kompost. Dette tilsynet er avslutta og vi fekk i 2018 godkjent etablering av biocelle til opprydding av kompostlageret. Oppryddinga var forventta ferdig i løpet av hausten 2019, men det vart nokre forseinkingar. I 2020 blei biocella tildekka med PE-duk. Det gjenstår å dekke biocella med kompost, dette er arbeid som har atterhald for vær og ikkje kan utførast om vinteren. Arbeidet blir avslutta våren 2021.

Alt avfall frå hushald, inkludert uavgrensa mengd farleg avfall, kan leverast av den som betalar kommunalt renovasjonsgebyr utan ekstra betaling. SUM køyrer også henterundar der også farleg avfall frå mindre næringsverksemdar kan takast med. Dermed er det lagt særst godt til rette for å kvitte seg med dei farlege stoffa.

Slik stoda er, vert det meste av innlevert golvbelegg behandla som farleg avfall. Det same gjeld for eldre skumplastisolasjon (XPS og EPS) frå bygging, gjerne kalla isopor.

Vi starta i 2017 med utsortering av næringsplast. Dette har tidlegare gått på deponi og til energigjenvinning, men no blir det sendt til materialgjenvinning. 2018 var første heile år med slik plastinnsamling, og det er ei ordning som blir mykje brukt på gjenvinningsstasjonen. I januar 2019 starta vi med plastinnsamling hos abonnentane. I 2020 blei det i løpet av året samla inn 180 tonn emballasjeplast, noko som utgjer i omkring 14 kg emballasjeplast pr abonnent. Det vart samla inn 1055 tonn papp og papir hos abonnentane, noko som utgjer ca 84 kg pr abonnent. Vi samla inn ca 5750 tonn restavfall frå hushald, noko som utgjer 460 kg pr abonnent.

Gips vert skilt ut og går til materialgjenvinning. Det er sett av plass i eitt av lagerlokala der gipsen vert køyrt høgt opp langs betongveggen for å redusere arealbruk og risiko for fukt.

For å sikre personleg kompetanseauke brukar SUM mange kanalar og metodar. Vi deltek på ei rekke seminar og konferansar, dei tilsette er kontinuerleg invitert til å komme med ønskje. Vi deltek aktivt i organisasjonane Samfunnsbedriftene, Kommunalt Avfall Vestlandet (KAV), Norsk Forening for Farleg Avfall og Avfall Norge. Vi besøker også andre selskap.

I 2020 har det grunna covid-19 blitt arrangert færre kurs enn i eit normalår. Det har blitt arrangert diverse mindre seminar via nett, men ingen fysiske kurs. Ein tilsett er med i KS Bedrift sitt avfallsutval. Det har i år vært få faglege samlingar i KAV-samarbeidet (KAV: Kommunalt Avfall Vestlandet).

Ein av dei viktigaste arenaane for læring er interne diskusjonar, og diskusjonar ein har med andre avfallsselskap. Diskusjon omkring praktisk drift gir ofte verdifull kunnskap som er vanskeleg å tileigne seg på kurs eller seminar. I 2020 har vi delt verksemda i to

lag, og dette har gjort det utfordrande med interne diskusjonar, men det viktigaste av problemstillingane har blitt diskutert.

Oppsummert har 2020 vore eit godt driftsår.

Dei store linjene

Dei siste åra har vi rydda opp i eit ulovleg kompostlager med avløpslam som hadde bygd seg opp over 6 år. Det vart ikkje nytta riktig metode eller riktige råvarer i prosessen og ein etablerte då eit ulovleg lager med avfall. Mattilsynet meiner det er lite truleg at dette lageret nokon gong vil kunne bli godkjent som gjødselvarer eller kompostprodukt. For å rydde opp fekk vi løyve frå fylkesmannen til å etablere ei biocelle som kunne innehalde 70 000 m³ av dei ulovleg lagra kompostmassane. Dette er blant dei største biocellene i verden, om ikkje den største. Alternativ til biocelle var å transportere vekk heile lageret på over 60 000 m³. Sidan dette ikkje kan bli kompostprodukt innanfor EU/EØS-området var alternativet Afrika eller Asia viss det skulle nyttast som kompostprodukt. Innanfor EU/EØS var alternativet forbrenning, men sidan fuktinnhaldet var svært høgt ville energirekneskapen ved forbrenning blitt negativ. Det vil sei at ein måtte ha tilført meir energi i forbrenningsprosessen enn det ein fekk ut. Begge desse alternativa ville ha stilt krav om båttransport frå Førde, og det ville då blitt kontinuerleg utkøyring frå Einestølen til kai på Øyrane i omkring eit halvt år. Kostnadmessig ville ein ha lande på omkring 125 - 150 millionar kr. Kostnaden med ei biocelle er omkring 10 % av dette.

Samstundes med at vi greia ut planar for opprydding starta vi kompostering av avløpslam etter godkjent metode. Prosessen gjekk bra, slammet blei kompostert, men ei følgje av god kompostering er lukt, jo betre prosess, jo meir lukt. Det resulterte i at vi i samråd med fylkesmannen stengte ned komposteringa og fekk nytt løyve utan moglegheit til kompostering, men med moglegheit til behandling av kompostlageret i ei biocelle.

Som ei følgje av det ulovlege kompostlageret har det blitt arbeida målretta for å auke kompetanse og medvit omkring sortering og lovleg handtering av avfall. Vi har også hatt fokus på at avfall skal behandlast med den mest miljøriktige metoden.

Enkelte avfallstypar som tidlegare gjekk på deponi går nå til energi- og materialgjenvinning. Plast vert sortert til energivinning og materialgjenvinning. Vi ønsker sjølv å levere alt til materialgjenvinning, men tilgang til leverandørar styrer kor mykje vi får levert. Tidlegare gjekk all plast til energigjenvinning eller deponi. Elles i landet blir plast framleis mange stader lagt på deponi eller sendt til energigjenvinning. Tauverk, trosser og nøter leverer vi til materialgjenvinning. I resten av landet går denne typen avfall stort sett til deponi. SUM er tidleg ute på denne type avfall til gjenvinning.

Trevirke har vore forsøkt sendt til kompostering i staden for til energigjenvinning. Men det var ikkje nok etterspurnad i marknaden etter dette trevirket, så det er avslutta frå SUM si side. I staden for vart det i 2019 sendt eit båtlass med reint returtre til materialgjenvinning. Dette viste seg at ikkje var formålsteneleg. Vi har for lite mengder treavfall, samstundes som vi ikkje har stor nok lagerkapasitet eller tilgang til kai. Vi har difor i 2020 gått tilbake til å sende treavfall til energigjenvinning. Andre moglege tiltak vi ser på for å materialgjenvinne returtre er framstilling av biokol med pyrolyse. Bruksområdet for slikt kol vil kunne vere som erstatning for torv i jordblandingar av kompost, og det vil kunne nyttast som erstatning for kol/koks som i dag vert brukt i lokal industri. Om vi lukkast med denne ideen vil det ta det og det vil alltid vere avhengig av ein marknad for produktet.

Vi forsøker å sortere meir av det avfallet som kjem inn med konteinarar til materialgjenvinning, i staden for å berre kverne alt og sende det til energigjenvinning. Vi har også fokus på å søke etter leverandørar som kan bidra til meir miljøvenleg handtering ved at dei nyttar avfallsprodukt som erstatning for jomfruelege ressursar.

Ombruksbutikk er ein moglegheit som vi vil sjå nærmare på. Viss det er noko som kan blir realisert, vil butikken vere eit tilbod der avfall som kan brukast direkte eller som berre treng moderat reparasjon, vert teken imot. Vi har også eit mål om å drive meir aktivt med informasjonsarbeid for å oppnå mindre avfall og meir gjenbruk. Vidare vurderingar omkring dette blir tatt inn i strategiplanen.

For å redusere avfallsmengda ønskjer vi å sjå om det er moglegheit for å innføre differensiert avfallsgebyr. Vi ser for oss ein modell med meir differensiert prising på avfall basert på mengde og type. Dette er eit tiltak som er anbefalt i Ureiningslova. For å innføre differensiert gebyr er det naudsynt med andre digitale løysingar enn det vi har i


dag, men ved flytting av abonnentregister frå kommunane og til SUM vil dette kunne bli eit alternativ i løpet av 2-3 år. Vi har eit samarbeid med BIR som vil gje oss kostnadseffektiv tilgang til slike løysingar og naudsynt kompetanse.

Avfallsmengder frå hushald og hytter 2020

Avfall frå hushald og hytter 2020

<i>Restavfall renovasjonsbil (39 %)</i>	5 750
<i>Restavfall gjenvinningsstasjoner (14 %)</i>	2 066
<i>Treverk (12 %)</i>	1 760
<i>Papp og papir (9 %)</i>	1 271
<i>Metall (6 %)</i>	916
<i>Slam (5 %)</i>	711
<i>EL-avfall (3 %)</i>	405
<i>Glas- og metallemballasje (2 %)</i>	358
<i>Hageavfall (2 %)</i>	310
<i>CCA-impregnert treverk (2 %)</i>	287
<i>Deponi (2 %)</i>	275
<i>Plast (1 %)</i>	210
<i>Gips (1 %)</i>	122
<i>Farleg avfall (1 %)</i>	92
<i>Batteri (0 %)</i>	50
<i>Sum</i>	14 584 tonn

Avfall frå hushald og hytter 2020




- Restavfall gjenvinningsstasjoner (14 %) ■ Restavfall renovasjonsbil (39 %)
- Treverk (12 %) ■ Metall (6 %)
- Batteri (0 %) ■ Plast (1 %)
- EL-avfall (3 %) ■ Slam (5 %)
- Papp og papir (9 %) ■ Farleg avfall (1 %)
- Glas- og metallebmalasje (2 %) ■ Gips (1 %)
- CCA-impregnert treverk (2 %) ■ Deponi (2 %)
- Hageavfall (2 %)

Avfall frå næring og kommunar 2020

<i>Deponi (55 %)</i>	8 435
<i>Slam (16 %)</i>	2 505
<i>Treverk (11 %)</i>	1 692
<i>Restavfall gjenvinningsstasjoner (8 %)</i>	1 214
<i>Restavfall renovasjonsbil (4 %)</i>	639
<i>Hageavfall (1 %)</i>	161
<i>Gips (1 %)</i>	130
<i>Glas- og metallemballasje (1 %)</i>	120
<i>CCA-impregnert treverk (1 %)</i>	114
<i>Metall (1 %)</i>	93
<i>Plast (0 %)</i>	60
<i>Papp og papir (0 %)</i>	34
<i>EL-avfall (0 %)</i>	29
<i>Farleg avfall (0 %)</i>	17
<i>Batteri (0 %)</i>	3
<i>Sum</i>	15 243 tonn

Avfall frå næring og kommuner 2020



- Restavfall gjenvinningsstasjoner (8 %) ■ Restavfall renovasjonsbil (4 %)
- Treverk (11 %) ■ Metall (1 %)
- Batteri (0 %) ■ Plast (0 %)
- EL-avfall (0 %) ■ Slam (16 %)
- Papp og papir (0 %) ■ Farleg avfall (0 %)
- Glas- og metallebmalasje (1 %) ■ Gips (1 %)
- CCA-impregnerert treverk (1 %) ■ Deponi (55 %)
- Hageavfall (1 %)

Rekneskap 2020

Rekneskapen for 2020 er gjort opp med eit overskot før skatt på kr 2 984 822. Resultat etter skatt er eit overskot på kr 2 703 549.

I rekneskapen er det bokført ein kostnad på kr 1 470 156 til opprydding av kompostlager og etablering av biocelle.

Driftsinntektene var 69 163 127 millionar kroner, noko som er ein auke på 11 % frå 2019. Driftskostnadene utgjorde 66 701 347 millionar kroner, ei auke på % frå 2019. Rekneskapen er lagt fram under føresetnad om framleis drift.

Driftsinntekter

Driftsinntektene var 69,2 millionar kroner, noko som er 5,17 millionar (8 %) meir enn budsjettert. Inntektene for renovasjonsabonnentane var kr 3,7 millionar (10 %) høgare enn budsjettert. Dette skuldast litt høgare gebyrinntekter enn budsjettert, noko som skuldat manglande tilgang til abonnentregister. Inntektene frå næring var i underkant av 1 million kroner (10 %) høgare enn budsjettert. Inntektene frå slam var kr 1 240 000 (15 %) høgare enn budsjettert.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 66 701 347. Dette er 6,2 millionar (10 %) høgare enn budsjettert. Driftskostnadene for hushald var kr 5 473 000 (15 %) høgare enn rekna med. Driftskostnadene for næring var kr 1 679 000 (11 %) lågare enn budsjettert. Kostnadene for slam var kr 1 350 000 (25 %) høgare enn budsjettert.

Finanspostar

Netto finanskostnader hadde eit overskot på kr 523 042, noko som i stor grad skuldast sal av fond.

Forskiings- og utviklingsaktivitetar

Selskapet driv ikkje med forskings- og utviklingsaktivitetar.

Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Etter styret si meining gir framlagt resultatrekneskap og balanse med notar eit uttrykk for verksemda sitt resultat for 2020 og økonomiske stilling ved årsskiftet.

Det er ikkje inntrådt forhold etter rekneskapsårets slutt som er av betydning for bedømmelsen av rekneskapen.

Verksemda har for 2020 hatt eit overskot på kr 2 703 549, som blir foreslått anvendt ved:

Endring i abonnentanes sjølvkostfond for renovasjon	kr -1 054 868
Endring i abonnentanes sjølvkostfond for slam	kr 1 421 309
Overført til annan eigenkapital	kr 2 337 108

Eigenkapital


Etter årets resultatdisponering er samla eigenkapital i selskapet kr 52 903 278.

Eigenkapitlen har følgande fordeling:


Sjølvkostfond renovasjon	kr -1 899 186
Sjølvkostfond slam	kr -6 092 443
Annan eigenkapital	kr 60 794 907

Fordeling av inntekter og kostnader

Fordeling av inntekter og kostnader for heile SUM er vist i diagramma under.



Figur 2: Fordelinga av SUM sine inntekter.




Figur 3: Fordeling av SUM sine kostnader.

Kostnader dekket av renovasjonsgebyret 2020

<i>Renovasjonsbil (31,8 %)</i>	13 320 000
<i>Energigjenvinning inkl transport (24,1 %)</i>	10 122 178
<i>Løns- og personalkostnader (13,3 %)</i>	5 584 083
<i>Administrasjon (4,9 %)</i>	2 035 716
<i>Avskrivinger (4,6 %)</i>	1 927 833
<i>Driftskostnader (4,4 %)</i>	1 855 121
<i>Farleg avfall, transp og beh (4 %)</i>	1 687 163
<i>Containertransport gjenv stasjon (2,8 %)</i>	1 157 886
<i>Adminstrasjonskostnad eigarkommunane (3 %)</i>	897 264
<i>Materialgjenvinning inkl transport (1,1 %)</i>	471 640
<i>Drift gjenvinningsstasjonar (0,9 %)</i>	361 849
<i>Plastinnsamling (0,7 %)</i>	283 345
<i>Prøvetaking, miljøgebyr (0,2 %)</i>	80 964
Sum	39 785 041 kr



Kostnader som er dekket av renovasjonsgebyret 2020




- Løns- og personalkostnader (13,3 %)
- Administrasjon (4,9 %)
- Adminstrasjonskostnad eigarkommunane (3 %)
- Driftskostnader (4,4 %)
- Renovasjonsbil (31,8 %)
- Plastinnsamling (0,7 %)
- Energigjenvinning inkl transport (24,1 %)
- Materialgjenvinning inkl transport (1,1 %)
- Containertransport gjenv stasjon (2,8 %)
- Farleg avfall, transp og beh (4 %)
- Drift gjenvinningsstasjonar (0,9 %)
- Prøvetaking, miljøgebyr (0,2 %)
- Avskrivningar (4,6 %)

Endring kostnader som er dekket av renovasjonsgebyret frå 2019 til 2020

<i>Energigjenvinning inkl transport (32,6 %)</i>	2 487 014
<i>Administrasjon (181,6 %)</i>	1 312 852
<i>Løns- og personalkostnader (19,8 %)</i>	924 027
<i>Farleg avfall, transp og beh (96,9 %)</i>	830 439
<i>Driftskostnader (78,2 %)</i>	813 911
<i>Containertransport gjenv stasjon (18,5 %)</i>	181 077
<i>Avskrivningar (9,1 %)</i>	161 461
<i>Materialgjenvinning inkl transport (11,8 %)</i>	49 934
<i>Prøvetaking, miljøgebyr (-28,1 %)</i>	-31 625
<i>Renovasjonsbil og Plastinnsamling (-0,3 %)</i>	-41 475
<i>Adminstrasjonskostnad eigarkommunane (-7 %)</i>	-67 317
<i>Drift gjenvinningsstasjonar (-63 %)</i>	-614 960
<i>Sum</i>	6 005 337 kr

Endringar kostnad dekkja av gebyr frå 2019 til 2020



Førde, 19.3. 2021

Grim Erik Gillestad
Styreleiar

Linda Johanne Ness Rotihaug
Nestleiar

Anne Mette Hjelle
styremedlem

Marius Langballe Dalin
Styremedlem

Joakim Janninge
styremedlem

Henning Tjørhom
dagleg leiar



Årsrekneskap 2020

Sunnfjord Miljøverk IKS

Resultatrekneskap
Balanse
Notar til årsrekneskapen
Revisjonsmelding

Org.nr.: 970 921 915

Resultatregneskap

Sunnfjord Miljøverk IKS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019
Salsinntekt		68 713 127	62 422 597
Anna driftsinntekt		450 000	0
Sum driftsinntekter		69 163 127	62 422 597
Varekostnad, transportkostnad		41 484 171	37 740 962
Lønskostnad	9, 13	10 314 983	10 200 796
Avskrivning	1	4 702 032	4 326 124
Annan driftskostnad		10 200 162	10 905 595
Sum driftskostnader		66 701 347	63 173 478
Driftsresultat		2 461 780	-750 881
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		54 387	143 771
Anna finansinntekt		482 316	723 974
Annan rentekostnad		11 958	70
Annan finanskostnad		1 703	953
Resultat av finansposter		523 042	866 722
Ordinært resultat før skattekostnad		2 984 822	115 842
Skattekostnad på ordinært resultat	11	281 273	-184 742
Årsresultat		2 703 549	300 584
Overføring			
Overført egenkapital	7	2 703 549	300 584
Sum overføringer		2 703 549	300 584

Balanse

Sunnfjord Miljøverk IKS

Eigedelar	Note	2020	2019
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedeler			
Utsett skattefordel	11	5 167 553	5 448 826
Sum immaterielle eigedelar		5 167 553	5 448 826
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	1	28 467 686	32 080 320
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	1	4 559 217	3 175 049
Sum varige driftsmiddel		33 026 903	35 255 369
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	2	555 000	555 000
Investeringar i aksjar og partar	3	5 262 389	9 841 082
Sum finansielle anleggsmiddel		5 817 389	10 396 082
Sum anleggsmiddel		44 011 845	51 100 277
 Omløpsmiddel			
Krav			
Kundekrav	4	6 160 974	4 500 169
Andre kortsiktige krav	5	285 397	256 500
Krav på selskap i same konsern	14	5 283 204	0
Sum krav		11 729 575	4 756 669
Bankinnskot, kontantar og liknande	6	13 870 932	8 198 189
Sum omløpsmiddel		25 600 507	12 954 858
Sum eigedelar		69 612 352	64 055 135

Balanse

Sunnfjord Miljøverk IKS

Eigenkapital og gjeld	Note	2020	2019
Innskoten eigenkapital			
Interessekapital	8	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	7	52 803 277	50 099 729
Sum opptent eigenkapital		52 803 277	50 099 729
Sum eigenkapital		52 903 277	50 199 729
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Andre avsetjingar for plikter		3 745 811	3 545 811
Sum avsetjing for plikter	10	3 745 811	3 545 811
Kortsiktig gjeld			
Konserngjeld	14	28 501	0
Leverandørgjeld		5 905 461	5 326 474
Skyldige offentlege avgifter		2 960 984	1 501 489
Anna kortsiktig gjeld	12	4 068 317	3 481 632
Sum kortsiktig gjeld		12 963 264	10 309 595
Sum gjeld		16 709 075	13 855 406
Sum eigenkapital og gjeld		69 612 352	64 055 135

Førde, 19.03.2021

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS

Marius Langballe Dalin
styremedlem

Grim Erik Gillestad
styreleiar

Linda Johanne Ness Rotihaug
nestleiar

Henning Tjørhom
dagleg leiar

Carl Joakim Janninge
styremedlem

Anne Mette Hjelle
styremedlem

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter

Driftsinntekter består av renovasjonsinntekt som blir finansiert over det kommunale gebyret, inntekter frå næringsavfall, og inntekter frå papir, glas og metall. Renovasjonsinntekter blir inntektsført på grunnlag av bokført gebyrinnsamling i kommunane. Næringsinntekter og inntekter frå papir, glas og metall blir inntektsført på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eignelutar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Eignelutar som er tilknytt varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifisert som omløpsmidlar dersom de skal betalast tilbake i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost. Varige anleggsmiddel som vert forringa i verdi vert nedskrivne lineært over forventa økonomisk levetid. Anleggsmidlane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje forventast å vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert i den utstrekning grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld i norske kroner med unntak av andre avsetningar vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel vert balanseført og vert nedskrivne lineært over driftsmidlane si forventa levetid dersom dei har antatt levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar vert lagt til driftsmiddelets kostpris og vert nedskrivne i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring vert rekna i forhold til driftsmiddelets stand ved kjøp av driftsmiddelet.

Dotterselskap

Dotterselskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til anskaffingskost for aksjane med mindre nedskrivning har vore naudsynt.

Investeringar i andre selskap og i verdipapirfond

Investeringar i andre selskap og verdipapirfond vurderast etter kostmetoden.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av de enkelte fordringane. I tillegg vert gjort det for andre kundefordringar ein uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Regnskapsprinsipper forts**Pensjonar**

Selskapet har ei ytelsesbasert pensjonsordning. Pensjonsordningane er finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap.

Ytingsplanar

AFP-ordninga er ein ytelsebasert fleirføretaksordning, men vert rekneskapsført som ein innskotsordning fram til det føreligg påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proporsjonale andel av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet sine forpliktingar er dermed ikkje balanseført som gjeld.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt på næringsinntekt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av de midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er grunnjevne med antatt framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast er oppført netto i balansen.

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i marknaden er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næringsavfall.

Note 1 Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel	Bygg og tomter	Driftsløse og maskiner	Sum varige driftsmiddel
Kostpris 01.01.	137 599 406	20 083 464	157 682 870
Tilgang	61 664	2 411 902	2 473 566
Avgang	0	0	0
Kostpris 31.12.	137 661 070	22 495 366	160 156 436
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	109 193 384	17 936 149	127 129 533
Balanseført verdi 31.12.	28 467 686	4 559 217	33 026 903
Avskrivningar i år	3 705 802	996 230	4 702 032
Forventa økonomisk levetid	25 - 50 år	5 - 10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

Note 2 Dotterselskap

Dotterselskap	Forretningskontor	Eigarandel/ Stemmeandel	Eigenkap. siste år (100%)	Resultat siste år (100%)	Balanseført verdi
Sum Næring AS	Sunnfjord	100 %	387 593	337 593	50 000
Sumtrans AS	Sunnfjord	50,5 %	1 002 393	2 393	505 000
Balanseført verdi 31.12.					555 000

Note 3 Investering i aksjer og fond

	Kostpris	Marknadsverdi	Balanseført verdi
Markedsbasert aksjer	5 262 389	9 269 950	5 262 389
Balanseført verdi 31.12.		9 269 950	5 262 389

Note 4 Kundefordringar

	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	6 160 974	4 685 508
Delkredereavsetning 31.12.	0	-185 339
Kundefordringar 31.12.	6 160 974	4 500 169
Konstaterte tap på fordringar i år	0	0
Innkomme på tidligare avskrivne fordringar	909	1 761
Tap på fordringar	909	1 761

Tap på fordringar inngår i posten andre driftskostnader.

Note 5 Andre kortsiktige fordringar

	I år	I fjor
Andre kortsiktige fordringar	285 397	256 500
Kortsiktige fordringar 31.12.	285 397	256 500

Note 6 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne betalingsmidlar pr. 31.12. utgjær	513 540	512 948

Note 7 Eigenkapital

Endring i eigenkapital i år	Interesse- kapital	Sjølvcost- fond renova- sjon	Sjølvcost- fond slam	Annan eigen- kapital	Sum
Eigenkapital 01.01.	100 000	-844 318	-7 513 752	58 457 799	50 199 729
Årsresultat		-1 054 868	1 421 309	2 337 108	2 703 549
Eigenkapital 31.12.	100 000	-1 899 186	-6 092 443	60 794 907	52 903 278

Note 8 Interessekapital

Selskapet hadde ved stiftinga i 1993 ein interessekapital på kr 100 000, som var fullt innbetalt av medlemskommunae i høve folketalet 1.1. 1992

Oversikt over medlemskommunane 31.12.

	Interesse- kapital	Sum	Eigarandel
Sunnfjord Kommune	71 390	71 390	71,4 %
Fjaler kommune	10 770	10 770	10,8 %
Hyllestad kommune	5 650	5 650	5,7 %
Askvoll kommune	12 190	12 190	12,2 %
Sum	100 000	100 000	100 %

Kommunene Førde, Jølster, Gaular og Naustdal ble slått sammen til Sunnfjord Kommune 01.01.2020

Note 9 Pensjonar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om tenestepensjon.

Selskapet har etablert ytelsesbasert pensjonsordning.

Selskapet har og ein avtalefesta fortidspensjonsordning (AFP). Selskapet har valt ei løysing med sjølvfinansiering av AFP 62-65 år.

Selskapet sine pensjonsordningar tilfredsstillar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Årets netto pensjonskostnad fremkommer på følgende måte:	I år	I fjor
Årets pensjonspremie til innskudsbasert ordning	828 553	994 685
Årets netto pensjonskostnad	828 553	994 685

Note 10 Andre avsetjingar for plikter

	I år	I fjor
Andre avsetjingar for plikter består av:		
Etterdriftsfond	3 745 811	3 545 811
Andre avsetjing for plikter 31.12.	3 745 811	3 545 811

For å oppfylle krava i avfallsforskrifta § 9.10 om finansiell garanti og kostandsdekning og rettleiing for etterdriftsfond frå SFT, er det avsett rekneskapsmessig til etterdriftsfond. I 2020 er det avsatt kr 200 000 basert på at det kun er initiert og lettare ureina masse som går til deponi.

Note 11 Skatt

Utrekning av utsett skatt/utsett skattefordel

	I år	I fjor
Mellombelse skilnader		
Anlegsmiddel	-19 562 157	-19 073 131
Avsetning tap på fordringar	0	-197 769
Avsetning kostnader biocelle - næringsdel	-230 000	-749 800
Underskot til framføring	-3 696 715	-4 746 688
Netto mellombelse skilnader	-23 488 872	-24 767 388
Grunnlag for utsett skatt/skattefordel i balansen	-1 278 516	-23 488 872
22%/22% Utsett skattefordel	-5 167 552	-5 448 825
Av dette ikkje balanseført utsett skattefordel		0
Utsett skattefordel i balansen	-281 274	-5 448 825

Grunnlag for skattekostnad, endring i utsett skatt og betalbar skatt

Resultat før skattekostnad (næring)	1 081 447	-1 051 199
Permanente skilnader	197 069	211 464
Grunnlag for skattekostnad i år	1 278 516	-839 735
Endring i mellombelse skilnader	-228 543	839 735
Bruk av fremførbart underskot	-1 049 973	
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	0	0
Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt i balansen)	0	0

Fordeling av skattekostnaden

Betalbar skatt (22 %/22 % av grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen)	0	0
For mye, for lite avsatt i fjor	0	0
Sum betalbar skatt	0	0
Endring i utsett skatt	281 273	-184 742
Skattekostnad (22 % av grunnlag for årets skattekostnad)	281 273	-184 742

Betalbar skatt i balansen

Betalbar skatt (22 % av grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen)	0	0
Betalbar skatt i balansen	0	0

Note 12 Anna kortsiktig gjeld

	I år	I fjor
Anna kortsiktig gjeld består av;		
Avsett kostnader biocelle - hushaldning	270 000	880 200
Avsett kostnader biocelle - næring	230 000	749 800
Påregne feriepengar	903 192	836 942
Påregne kostnader	2 665 126	1 014 689
Anna kortsiktig gjeld 31.12.	4 068 317	3 481 632

I rekneskapen er det avsett kr 500 000 til påløpne kostnader til ferdigstilling av biocelleanlegg, fordelt på kr 270 000 på hushaldning og kr 230 000 på næring. Avsetjinga skal dekke kostnader til handsaming av kompostlager. Sidan det er usikkerheit knytta til handsamingmetode og dermed kostnader, etter komposteringsperioden, er det ikkje innarbeida ei avsetjing i rekneskapen knytta til eventuelle kostnader etter at driftsfasen for biocelleanlegget er ute.

Note 13 Lønskostnader, sysselsette årsverk, godtgjeringar, lån til tilsette mm.

Lønskostnader	I år	I fjor
Løn	8 338 957	7 795 230
Arbeidsgjevaravgift	992 888	939 466
Pensjonskostnader	828 553	994 685
Andre ytelser	154 585	471 415
Sum	10 314 983	10 200 796

Sysselsette årsverk	11	14
---------------------	----	----

Ytingar til dagleg leiar og styret	Dagleg leiar	Styret, represen- tantskap
Løn	941 556	233 510
Pensjonsutgifter	16 722	0
Anna godtgjering	1 291	0

Det er ikkje gitt lån/sikkerhetsstillelse til dagleg leiar, styreformann eller andre nærstående parter.

Revisor

	I år	I fjor
Revisjon	121 000	90 000
Skatteteknisk bistand	30 900	30 000
Andre tenester	85 000	52 500
Sum honorar til revisor	236 900	172 500

Note 14 Mellomværende med selskap i same konsern

	I år	Fordring I fjor	
Foretak i same konsern	5 283 204		0
	5 283 204		0

	I år	Gjeld I fjor	
Foretak i same konsern	28 501		0
	28 501		0

Fordring er på dotterselskapa Sumtrans AS og Sum Næring AS, gjeld er til Sum Næring AS.